


Austrheim
kommune



Fedje
kommune



Radøy
kommune

Aufera A/S

MØTEBOK FRÅ GENERALFORSAMLING I AUFERA A/S HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 06.05.19.

Møtetid: 14.00 – 14.45

Møtestad: Auferahuset, Manger

Desse møtte:	Varamedlem som møtte:
Anna Marit Storemark, Fedje	Stig Øien, Fedje
	Dag Sætre, Radøy
	Karolina Vaktskjod, Radøy
Forfall:	
Jan Erik Espelid, Austrheim	
Paul Knappskog, Fedje	
Jostein Borlaug, Radøy	
Else Marie Dale, Radøy	
Monika Thorpe, Austrheim	
Reidar Øksnes, Austrheim	
Monika Thorpe og Reidar Øksnes (som er vara) melde forfall 06.05.19, same dag som genralforsamlinga. Det er ikkje vald fleire vara frå Austrheim, så ein kunne ikkje kalla inn andre. Dagleg leiar hadde kontakt med advokaten i ASVL (arbeidsgjevar- og interesseorganisasjonen for å sjekka at generalforsamlinga var vedtaksfør.	

Det møtte såleis 4 representantar,
63 % av aksjekapitalen representert.

Sakspapir var sendt med epost 29.04.19.
14.03.19. var det sendt ut epost med
tidspunkt for generalforsamlinga.
Dei ulike varafolk vart kontakta så snart
ein fekk melding om forfall.

Frå eigarane møtte:	Anne Dahle Austrheim, varaordførar Austrheim Stian Herøy, ordførar Fedje
Frå styret møtte:	Siri Kaland, Austrheim Oddmund Vikene, Austrheim Eva Karin Klausen, Radøy
Dessutan møtte:	Dagleg leiar, Kari Smith

Sakliste:

Sak nr.:	Sakliste:
01/19	Opning Konstituering: Val av møteleiar Val av møteskrivar Registrering av møtande aksjeeigarar Val av to personar til å skriva under møteboka Godkjenning av innkalling og saklista
02/19	Godkjenning av årsrekneskapen for 2018
03/19	Godkjenning av driftsrapport for 2018
04/19	Bruk av overskotet for 2018
05/19	Godkjenning av godtgjersla for styret
06/19	Val av styre, styreleiar og varafolk

Sak 01/19 Opning av møtet v/ styreleiar Siri Kaland

Vedtak:

Møteleiar: Siri Kaland

Møteskrivar: Kari Smith

Registrering av møtande aksjeeigarar

Skriva under møteboka: Anna Marit Storemark og Dag Sætre

Ingen merknad til innkalling og saklista og innkalling og saklista vart samrøystes vedteken.

Innkallinga og saklista var sendt ut på epost.

Sak 02/19 Godkjenning av årsrekneskapen for 2018

Rekneskap var sendt ut på førehand. Den viser eit overskot på kroner 209 606,- Revisjonsmeldinga frå revisor var delt ut og lese opp. Det vart gitt nokre kommentarar og det vart gitt høve til å stilla spørsmål.

Vedtak:

Generalforsamlinga godkjende samrøystes årsrekneskapen og revisjonsmeldinga for 2018 slik den ligg føre.

Sak 03/19 Godkjenning av driftsrapport for 2018

Driftsrapporten vart delt ut på møtet, og generalforsamlinga fekk lesa gjennom. Det vart gitt høve til å stilla spørsmål.

Vedtak:

Generalforsamlinga godkjende samrøystes driftsrapporten for 2018.

Sak 04/19 Bruk av overskotet for 2018

Det låg føre framlegg frå styret om at overskotet for 2018 vert nytta til nybygg for Aufera as.

Vedtak:

Generalforsamlinga vedtok samrøystes at overskotet frå 2018 vert nytta til nybygg for Aufera as.

Sak 05/19 Godkjenning av godtgjersla til styret

Styret gjorde framlegg om at godtgjersla vert uendra.

Vedtak:

Generalforsamlinga godkjende samrøystes at godtgjersla vert uendra.

Sak 06/19 Val av styre, styreleiar, varafolk og valnemnd

Stian Herøy frå valnemnda la fram fylgjande innstilling frå valnemnda:

Leiar: Siri Kaland, Austrheim attval

Nestleiar: Vidar Grindheim, Radøy attval

Styremedlem: Roy Asle Tunglund, Fedje attval

Styremedlem: Kirsti Gjetle Floen, Radøy ny

Varafolk: Magnus Kvingedal, Austrheim attval
Bjørn Tore Vaktskjold, Radøy attval
Lene Cristensen, Radøy attval

Vedtak:

Generalforsamlinga gjorde samrøystes slikt vedtak:

Leiar: Siri Kaland, Austrheim
Nestleiar: Vidar Grindheim, Radøy
Styremedlem: Roy Asle Tungland, Fedje
Styremedlem: Kirsti Gjetle Floen, Radøy

Frå før sit Oddmund Vikene, Austrheim.

Varafolk: Magnus Kvingedal, Austrheim
Bjørn Tore Vaktskjold, Radøy
Lene Cristensen, Radøy

Frå før sit Solveig Lerøy - Austrheim, Tove Nordseth - Fedje

Valnemnd: dei tre ordførarane i eigarkommunane.

Underskrifter:



Anna Marit Storemark



Dag Sætre

